


# GOL ROTARYKLUBB

ÅRSMELDING FOR  
ROTARYÅRET  
2006 - 2007





**Verdenspresident** har vore William B. Boyd, og han har hatt som motto ”Lead the Way” – Gå foran – vis vei.

**Distriktsguvernør** for Distrikt 2310 har vore Asbjørn Lein, Nesbyen Rotaryklubb.

**Presidentens mål:**

- Å rekruttere nye medlemmer.
- Å synleggjere Gol Rotary Klubb i lokalmiljøet.
- Å auke aktiviteteten i avenyane (komiteane).
- Å arbeide med eit internasjonalt prosjekt.

**Styremøte**

har vore halde kvar første måndag i månaden kl. 18.30-20.00.

**Klubbmøte**

har vore halde kvar måndag kl. 20.00 på Eidsgaard Hotell.  
Frammøteporsenten var akkumulert pr. 1.7.07 på 58.5%.

**Guvernørbesøk:**

Distriktsguvernør Asbjørn Lein og AG Dagfinn Rian besøkte Gol Rotaryklubb 18. september. Dei hadde først eit møte med president og sekretær, før styret var vertskap for middag på Eidsgård. Deretter heldt guvernøren eit inspirerande foredrag på kveldens klubbmøte.

**Utvekslingselev:**

Klubben har dette Rotaryåret hatt ein utvekslingselev frå Mexico. Ana Lethicia Sarachaga frå byen og delstaten Zacatecas gjekk på Gol vidaregåande skole, og verksamheter var Mildrid Nesheim, Vita Simon og Frank Skoglund og Marta Nistad og Atle Strandos.

**Distriktsaktivitetar:**

Det har vore tre AG-møte, vekselvis på Ål og Gol. Deltakararar har vore president og innkomande president i alle Hallingdalsklubbane.

Distriktskonferansen 15.-17. september på Bardøla Høyfjellshotell, Geilo. Frå Gol møtte Håkon Bøyaard og Mildrid Nesheim.

Presidentsamlinga på Fossesholm Herregård i Vestfossen 13. januar. Mildrid Nesheim møtte.

Distriktsamlinga i Gamle Logen, Oslo, 25. mars. Frå Gol møtte Birger Rustbergard, Aud Ingunn Narum, May Britt Grøv, Ove Thorshaug, og Håkon Bøyaard.

**”Intervally-møte”**

Også dette året var det skytekonkurranse mellom Nesbyen og Gol Rotaryklubbar. Den vart halden på skytebanen i Gol 28. august, og Gol vann ein svært knepen seier med 895 poeng mot 890 poeng til Nesbyen. Utvekslingselev Ana deltok som deltakar i konkurransen.



## **Komitearbeid.**

### **Yrkeskomiteen.**

Det har vore to bedriftsbesøk i dette Rotary-året:

- Hallingdal Folkehøgskule
- Atlantis treningsenter

Vi har hatt besøk av RYLA-deltakar Tine Rustbergard som heldt eit interessant fordrag om sine RYLA- erfaringar.

Utflytta tidlegare medlem Asbjørn Windingstad heldt foredrag om pensjonisttilværet, og lege Falk Bergande heldt under tittelen ” Hvorfor og hvordan” eit foredrag i grenselandet mellom psykologi og filosofi.

### **Internasjonal komite.**

Det har vore fleire reiseforedrag frå internasjonale reisemål dette året:

- Reise i Sør-Afrika ved Halldor Grøseth
- Sykkeltur i høgfjellet i India ved Sigvart Flåm
- Tur til Reykjavik og Island ved Ove Thorshaug.

Klubben hadde i pinsa besøk av eit GSE- team frå Edmonton i Canada, og det vart gjennomført ein naturopplevelingstur til Hardanger og Sogn.

Det vart lagt ned mykje arbeid i å få ein utvekslingselev frå Gol til Mexico skoleåret 2007-2008, men ein lykkast dessverre ikkje.

### **Samfunnskomiteen.**

Samfunnskomiteen har som vanleg hatt stor aktivitet og ansvaret for:

#### **Dugnad:**

- Vårrydding i Sentrumsparken
- Blomsterplanting ved omsorgsbustadene.
- Skogrydding og vedhogst ved Helsecenteret
- Benkar langs vegen på ”runden” Heslasvingen, Steinmoen, Spildra, Hemsedalsvegen er iksett ut og tatt inn etter årstidene.
- Brilleinnsamling i samarbeid med lokale optikarar.
- Nattevandring i samarbeid med Gol Røde Kors.

#### **Foredrag:**

- Kommunal info ved Lornts Letnes
- Orientering om GORD-prosjektet i Gol sentrum ved Birger Rustbergard
- Utvekslingselev Ana fortalte om familien sin og frå heimbyen Zacatecas i Mexico og overrekte gaver til Gol Rotaryklubb.
- ”Ungdom og rus” ved Jan Krogh, LEON-stiftelsen
- ”Om å få poliomylitt og å leve med poliosyndromet” ved Ingrid Wollebæk
- ”Norge på langs på ski” ved Magnus Frøysok
- Risør – ”den hvite by ved Skagerak” ved Jan Ove Wøllo.

### **Medlemskap, kamerat, fest – og trimkomiteen.**

Komiteen har gjort ein stor og god jobb med dei sosiale samkoma klubben har hatt gjennom året:

- Stølstur til Per Egil Rese på Lauvsjøen.
- Rakafisklag på Narum
- Juleavslutning på Eidsgaard.
- Torskeaften på Pers
- Grillkveld ved presidentskifte på Fossheim



- Servering i samband med dugnadene.

#### Informasjonsmøte for eventuelle nye medlemmer.

Informasjonsmøte for eventuelle nye medlemmer vart halde mandag 21. mai. Tre av dei som var invitert møtte, i tillegg til eigne medlemmer. Presidenten heldt ei orientering om organisasjonen Rotary og Gol Rotary spesielt.

#### Medlemsutvikling.

Vi har hatt gleda av å ønske to nye medlemmer velkomne i klubben: Sigurd Ødegaard og Einar Sillerud.

Ingen medlemmer er meldt ut.

#### **Programkomiteen.**

Programkomiteen har gjort ein stor jobb ved å sette saman programmet som er nemnd over.

#### Peismøte.

Det har vore to peismøte i løpet av året: 20.11. 2006 og 26.3. 2007. Følgjande har vore vertskap: Gunnar Gulliksen, Kai Hansen, Ivar Wetlesen, Reidar Sviggum, Gunnar Skredderberget og Svein Storla.

#### Diverse innslag på programfrie møte.

- Det har vore gjennomgang av ny leiarskapsplan.
- Medlemmene har vore invitert til å uttale seg om slagord for Hallingdal.
- Mildrid Nesheim har snakka om å vekse opp på ein einsidig industristad og tilknytninga til bedrifa.
- Reidar Sviggum orienterte om stort oljeutsipp frå skip ved kysten og tankar omkring dette.
- Klubben hadde på møtet 16. april besøk av foreldra til utvekslingselev Ana. Begge er rotarymedlemer i kvar sin klubb i Zacatecas. Dei fortalte om arbeidet i sine klubbar, og dei overrekte gavetil Gol Rotary Klubb.

#### Møtefri.

Klubben har dette året benytta seg av høvet til tre møtefri veker, og det har vore møtefri mandag 24. og 31.7. 06 og 31.4. 2007.

#### **40-årsjubileum.**

Gol Rotary Klubb vart stifta 2. januar 1967, og 7. januar 2007 vart 40-årsjubileet feira på Oset Høyfjellshotell. Svært dyktig fyritalsmann under bordsetet var Ove Thorshaug. Klubben fekk overrekt gåver frå Distrikt 2310 ved Distriktsguvernør, frå Gol kommune ved ordførar og frå fadderklubb Geilo og naboklubb Nesbyen ved dei respektive presidentane.

40-års jubileumsskrift vart presentert av leiar i skriftstyret Ove Thorshaug og delt ut til deltarane på festen. I tillegg til Ove Thorshaug var Oddbjørn Viko og Gunnar Gulliksen med i skriftstyret. Etter middagen var det triveleg prat og dans uti dei små timer.

Invitere gjester på jubileumsfesten var tidlegare presidentar som har flytta frå Gol med ektefelle, enker etter avdøde Rotaymedlemmer, distriktsguvernør, ordførar og presidentar i dei andre Hallingdalsklubbane, alle med ektefelle, og Jon og Aslaug Brunborg.

#### **PAUL HARRIS FELLOW.**

Under jubileumsmiddagen delte president Mildrid Nesheim ut Paul Harris Fellow- medalje med diplom til Jon Brunborg. Jon Brunborg fekk utmerkinga for uvanleg stor innsats for ungdom og idretts- og dugnadsarbeid i Gol i meir enn ein mannsalder.

Jon Brunborg takka for utmerkinga, og fortalte litt frå alt han har drive med.



## **Jubileumsgåve.**

I samband med 40-årsjubileet vart det gjort vedtak om å gje ei jubileumsgåve på kr. 10.000,-. Det kom framlegg om at Anne Berit Lagmannsgård, som arbeider som ulønna sjukepleiar blant den fattige landsbybefolkinga i Aust- Timor, skulle vere mottakar av jubileumsgåva. Dette vart samrøystes vedteke.

## **Prosjekt Rotaryåret 2006-2007.**

### Rusinfo-prosjektet. (Samfunnsskomiteen)

Planen var å vidareføre rusinfo-prosjektet også dette året, men ettersom foreldremøta på ungdomsskolen og vidaregåande skole vart halde svært tidleg, vart det uråd å få materialet klart tidsnok. Prosjektet vart derfor utsett.

I løpet av våren vart arbeidet tatt opp att og sponsorlista for brosjyrane haust 2007 var klar før presidentskiftet.

Ole Reidar Lågrinn besøkte Gol Rotary i mai med spørsmål om klubben ville samarbeide om rusinfo-prosjektet med eit prosjekt om kriminalitetsforebyggande tiltak for ungdom i Hallingdal, der han var prosjektleiar.

Gol Rotary Klubb vedtok å gå inn i dette samarbeidet.

### ”Vatn for verda”. (Internasjonal komite/ Samfunnsskomiteen)

Presidenten hadde som ei av målsettingane for året at klubben skulle gå inn i eit RF-prosjekt med tema ”Vatn for verda”. Gol Rotary Klubb knytta seg til eit prosjekt iverksett og drive av Sogndal Rotaryklubb. Prosjektet ligg i delstaten KwaZuluNatal i Sør-Afrika, og målsettinga er å skaffe reint vatn og gode sanitærforhold ved to barneskolar i distriktet.

Ut frå tanken om at barn hjelper barn, vart Gol skule kontakta med spørsmål om ein av klassane kunne lage teikningar/maleri, som Gol Rotary i neste omgang kunne auksjonere bort og med det få eit pengebeløp til prosjektet. Gol skule var positive til ideen, og ein av 7. klassane gjekk til oppgåva med stor entusiasme. I januar fekk klubben 20 fine teikningar, og første auksjonen vart halde under torskemiddagen 9. mars med Ove Thorshaug som inspirerande auksjonarius. Andre auksjonen vart halde på det påfølgjande klubbmøtet, og tilslaman kr. 9100,- brutto kom inn til prosjektet. Eit godt resultat, og ein takk til medlemmene for positiv velvilje til prosjektet.

Presidenten besøkte klassen på Gol skule i ettertid med pizza og brus som takk for innsatsen.

## **Økonomiske gåver/bidrag.**

Gol Rotary Klubb har i løpet av året gitt følgjande gåver/ bidrag:

Gol helsetun: Behandlingsbadekar Kr. 10.000,-

Barne-og ungdomskoret Tapas: Musikkspel kr. 6000,-

Anne Berit Lagmannsgård: Jubileumsgåve kr. 10.000,-

”Vatn for verda” kr. 8500,-

Det er og gjort vedtak om å vere med på finansiering av ny skoleklokke ved Gol skule.

## **Mediaomtale.**

Ei av målsettingane dette året var å gjere Gol Rotary meir kjent i lokalmiljøet.

Hallingdølen hadde i januar omtale av 40-årsjubileet og utdelinga av PHF til Jon Brunborg.

I februar hadde Hallingdølen ei dobbeltside om Gol Rotary, både om organisasjonen i dag og om historia.

Og i juni var det avisomtale av skogrydding og vedhogst ved Helsetunet.



## Økonomi.

Ved budsjettlegginga for året var ein klar over at dette året ville ha ekstraordinære utgifter, som kostnader ved å ha utvekslingselev og 40-årsjubileum, og det vart budsjettet med eit underskot på driftsbudsjettet. Driftsrekneskapen for Rotaryåret 2006-2007 er lagt fram med eit underskot på kr. 25.886,58.

## Sluttord.

Det har for meg vore eit svært interessant og lærerikt år. Krevande og til tider slitsamt, ja, men også svært gjevande. Eg kan mykje meir om Rotary som organisasjon no enn tidlegare. Det har vore eit veldig variert og allsidig år med utvekslingselev, 40-årsjubileum, prosjektet "Vatn for verda" og GSE-besøk i tillegg til dei vanlege klubbaktivitetane.

Eg vil rette ein takk til medlemmene for at de har slutta lojalt opp om alle tiltak. Det er ikkje tungt å bere presidentkjede når ein føler støtte frå medlemmene. Takk til kvar enkelt for stor innsats i komitearbeidet.

Ein særskilt takk til styret for stor interesse og arbeidsevne og ikkje minst for godt samarbeid!

Gol 22.09.07

Mildrid Nesheim  
President 2006-2007



## Gol Rotary Klubb

### Resultatregnskap 01.07 – 30.06

	NOTE	Budsjett 01.07.06- <u>30.06.07:</u>	Mildrid N 01.07.06- <u>30.06.07:</u>	Randi S 01.07.05- <u>30.06.06:</u>
<b><u>DRIFTSINNTEKTER:</u></b>				
<i>Medlemskontingent</i>	1	51.150	48.450,00	44.250,00
<i>Gebyr for manglende frammøte</i>		3.000	3.760,00	4.050,00
<i>Loddsalg møter/tilstelninger</i>	2	15.000	23.179,00	14.510,50
<i>Overskudd v/ klubbtilstelninger</i>		0	5.455,04	4.097,50
<i>Auksjon/kunstlotteri</i>		10.000	9.150,00	28.000,00
<i>Overskudd Rusinfo</i>		0	0,00	1.200,00
<i>Tilskudd fra Distriket</i>		14.000	30.000,00	3.600,00
<i>Diverse inntekter/gaver</i>		0	3.495,40	0,00
-		-----	-----	-----
<b><i>Sum driftsinntekter</i></b>		<b>93.150</b>	<b>123.489,44</b>	<b>99.708,00</b>
-		-----	-----	-----
<b><u>DRIFTSKOSTNADER:</u></b>				
<i>Kontingent til Distriktet</i>		12.500	13.516,00	11.773,00
<i>Kontingent til Rotary International</i>		9.000	9.410,83	8.622,58
<i>Kaffe, spisem., guvernørbb., etc.</i>		12.000	10.250,00	12.949,00
<i>Deltagelse i møter, konf.</i>	3	15.000	10.898,00	12.522,00
<i>Kontorrekv.(lodd,vimpler,portof, etc.)</i>		500	515,00	456,00
<i>Gaver og hilsener(internt)</i>		4.000	3.700,90	2.731,50
<i>Prosjekter og bidrag</i>	4	25.000	36.776,00	3.100,00
<i>Lotteriutgifter</i>		1.800	4.381,00	16.288,00
<i>Ryla-seminar</i>		4.000	3.800,00	3.800,00
<i>GSE</i>		14.000	30.872,00	0,00
<i>Utviklingsstudent</i>		16.000	16.780,00	0,00
<i>Jubileumsfeiring</i>		13.250	9.202,50	0,00
<i>Diverse</i>		0	807,00	667,00
-		-----	-----	-----
<b><i>Sum driftskostnader</i></b>		<b>127.050</b>	<b>150.909,23</b>	<b>72.909,08</b>
-		-----	-----	-----
<b><u>FINANSINNTEKTER:</u></b>				
<i>Renter 2212.20.35577</i>			32,21	21,00
<i>Renter 1638.04.77177</i>			1.501,00	252,00
-		-----	-----	-----
<b><i>Sum finansinntekter</i></b>		<b>250</b>	<b>1.533,21</b>	<b>273,00</b>
-		-----	-----	-----
<b>ÅRSRESULTAT</b>		- 33.650	- 25.886,58	27.071,92
-		-----	-----	-----



## Balanse pr. 30.06.

<u>EIENDELER:</u>	NOTE	<b>Budsjett 30.06.07:</b>	<b>Mildrid N 30.06.07:</b>	<b>Randi S 30.06.06:</b>
<i>Klubbskap</i>			<b>4.662,00</b>	<b>4.662,00</b>
<i>Beholdning</i>			<b>680,00</b>	<b>680,00</b>
<i>Fordring medlemmer</i>			<b>13.686,00</b>	<b>2.500,00</b>
<i>Kasse</i>			<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
<i>DnB NOR 2212.20.35577</i>			<b>12.617,68</b>	<b>13.887,76</b>
<i>DnB NOR 1638.04.77177</i>			<b>103.390,41</b>	<b>119.739,41</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>100.734</b>	<b>135.036,09</b>	<b>141.469,17</b>
-		-----	-----	-----

## EGENKAPITAL OG GJELD:

<i>Egenkapital</i>		<b>100.734</b>	<b>108.497,59</b>	<b>134.384,17</b>
<i>Kortsiktig gjeld/påløpte kostnader</i>	5	<b>0</b>	<b>26.538,50</b>	<b>7.085,00</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>100.734</b>	<b>135.036,09</b>	<b>141.469,17</b>
-		-----	-----	-----

Gol, 22.09.2007

*Mildrid Nesheim  
president*

*Aud Ingunn Narum  
kasserer*

## **Revisjonsberetning for rotaryåret 2006/2007**

*Regnskapet for Gol Rotary for 2006/2007 er revidert, og viser et underskudd på kr. 25.886,58.  
Alt regnskapsmateriale er gjennomgått og er i overensstemmelse med god regnskapsskikk.*

Gol, 22.09.2007

*Jan Ove Wøllo  
Revisor*



## **Noter til regnskapet 2006/2007**

### **Note 1 Medlemskontingent**

Kontingensten er basert på 31 medlemmer og en årskontingent på kr. 1.650,- pr. medlem.  
Det gis reduksjon med 50% for syke- og studiepermisjon.

### **Note 2 Loddsalg**

<i>Ordinære klubbmøter</i>	<i>Kr. 11.659,-</i>
<i>Rakafisklag</i>	<i>" 2.340,-</i>
<i>Julemiddagsmøte</i>	<i>" 1.840,-</i>
<i>Presidentskifte</i>	<i>" 2.040,-</i>
<i>Jubileumslotteri</i>	<i>" 5.300,-</i>
-	-
	<i>Kr. 23.179,-</i>
-	-

### **Note 3 Deltagelse i møter og konferanser**

<i>Pets/presidentsamling</i>	<i>Kr. 598,-</i>
<i>Distriktsamling</i>	<i>" 3.900,-</i>
<i>Distriktskonferanse</i>	<i>" 6.400,-</i>
-	-
	<i>Kr. 10.898,-</i>
-	-

### **Note 4 Prosjekter og bidrag**

<i>Massasjebadekar/Gol helsetun</i>	<i>Kr. 10.000,-</i>
<i>Ungdomskonsert/"Tapas"</i>	<i>" 6.000,-</i>
<i>A.B.Lagmannsgård/arbeid i Ø.Timor</i>	<i>" 10.000,-</i>
<i>Prosjekt m/ Sogndal R K/"vatn for verda"</i>	<i>" 8.500,-</i>
<i>Bidrag til Rotary Foundation</i>	<i>" 1.400,-</i>
<i>Planting v/ omsorgsboligene</i>	<i>" 876,-</i>
-	-
	<i>Kr. 36.776,-</i>
-	-

### **Note 5 Kortsiktig gjeld/påløpte kostnader**

<i>A.B.Lagmannsgård</i>	<i>Kr. 10.000,-</i>
<i>Sogndal R K</i>	<i>" 8.500,-</i>
<i>Eidsgaard Hotell</i>	<i>" 4.250,-</i>
<i>Medlemmer</i>	<i>" 3.788,50</i>
-	-
	<i>Kr. 26.538,50</i>
-	-